

Bli med i andaløpet!

10.06.2009



Ivar Gundersen, leiar av fotballgruppa, slepp endene ved Djupehølen i fjor. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Laurdag er den store aktivetsdagen i Uskedalen og eit av høgdepunkta blir andaløpet frå Djupehølen til brua, som går føre seg klokka 14. Løpet vart ein stor suksess i fjor og blir det sikkert også i år. Talet på ender er da også auka frå 200 til 400.



- Kjøp andelsbrev, oppmodar Bjørnar Eik på SPAR. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Det har vore høve til å kjøpa andelsbrev på førehand, men inntil onsdag føremiddag synte salet store variasjonar: Gros Blomster hadde ikkje selt eit einaste brev, medan Zjakk var utselt og SPAR berre hadde nokre få att. Også Auto 88 sel andelsbrev.

Med å kjøpa eit slikt brev sikrar ein seg eit unikt nummer for kvar and.

Prisen er dobla frå i fjor, men framleis er den berre 100 kroner pr. and. Og så går inntekta til eit svært godt føremål, nemleg idrettslaget, og det er hovudlaget som står for arrangementet dette året.

4.11.2020

Uskedal Utvikling

Hovudpremien bør vera fristande: Ein oppblåsbar gummibåt til ein verdi av 7.000 kroner!

Av Ola Matti Mathisen